



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/259 - 17/2030

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

01.02.2017

Søknad om bygging av skogsbilveg på Gbnr. 30/ 2 og 4 på Hestdal i Meland kommune

Tiltak: Bygging av skogsbilveg på ca. 550 meter i vegklasse 3
Gbnr: 30/2 og 4
Kommune: 1256 Meland
Frist for uttale: 03.03.17

Meland kommune har motteke søknad frå Jørgen Olsvoll om å få byggje ein skogsbilveg på Hestdal. Det vert søkt om å få byggje ein veg i vegklasse3 på ca. 550 meter.

Vegen har vore omsøkt og sendt på høyring tidlegare, løyve for bygging av vegen var godkjent 11.07.2006. Bygginga har starta og det har vorte bygd om lag 250 meter av vegen, men det vart ikkje søkt om utvida frist for ferdigstilling. Jørgen Olsvoll søker difor om vegen på nytt, og vegtraseen er om lag den same som omsøkt og godkjent i 2006, lengda er noko kortare i samsvar med det som er bygd

Bygging av vegen vil vere eit viktig tiltak for å kunne ta ut skogen i området på ein effektiv og økonomisk måte. For å drive kostnadseffektivt og sikre gode økonomiske rammer i skogbruket, er bygging av veg eit viktig tiltak for å redusere driftsutgiftene. Vegen har eit dekningsområde med ca. 3000 m³ hogstmoden skog. Ein veg vil i tillegg til betre økonomiske rammer vere viktig for gjennomføring av framtidige skjøtseloppgåver. God tilkomst vil lette tilkomst ved skjøtsel, og redusere kostnadane ved gjennomføringa av skjøtseltiltak. Det vert også lettare for eigar å halde oppsyn med skogen ved ein enkel tilkomst. For å kunne gjennomføre skjøtseltiltak til rett tid er det viktig å halde oppsyn med skogen. Det er også viktig i samband med ulike hendingar som storm m.m.

Vegen er også planlagd nytta i samband med jordbruksdrift og vil vere positiv i samband med beitepussing, vedlikehald av gjerdar gjødsling m.m. Delar av området er blaut og ein veg vil betre tilkomsten til areala og redusera kostnadar og tidsbruk i landbruksdrifta.

Etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, Kap.3 sakshandsaming, vedtak og vilkår mv § 3 - 1, skal kommunen før eit vedtak fattast, innhenta dei uttaler som er naudsynte, jf. § 1 - 1.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen ynskjer å klarleggje om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden før søknaden vert handsama. Saka vert oversendt Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune for uttale.

Kommunen sender også saka over til Fylkesmannen i Hordaland for uttale jf. § 3 i landbruksvegforskrifta, der Fylkesmannen vert gitt høve til å uttale seg i sakar om nybygging av skogsbilveggar.

Vedlagt følgjer søknaden, kart med planlagt vegtrase og oversiktskart.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Vedlegg:

Søknad om bygging av skogsbilveg Gbnr. 30-2 og 4 med kartvedlegg

Kopi til:

Jørgen Olsvoll

Håtuftvegen 280 5918

FREKHAUG

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland Fylkeskommune v/
kultur- og idrettsavdelinga
Meland kommune v/
kulturavdelinga

5020

5020

BERGEN

BERGEN